

Til

Vår ref.:
24/01559-11

Dato:
12.06.24

Referat frå IDF-møte 10.06.24 – styresaker

Til stades:

Tenestemannsorganisasjonane (organisasjonane)

Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet
Jan Ove Mjånes, Akademikerne
Tone Skjerdal, LO-stat
Karl-Eric Melander, YS-stat

Hovudverneombod (HVO) Karin Bell

Arbeidsgjevar

Anne-Grethe Naustdal, Prorektor for utdanning - vikar for rektor
Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
Anette Fristad, Avdelingsleiar HR
Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar (referent)

Forfall: Gunnar Yttri, rektor

Vedtakssaker

20/24-B - Godkjenning av innkalling og sakliste til styremøte 4/2024

21/24-B - Møteplan for Høgskulestyret 2025

22/24-B - Oppnemning / godkjenning av studentrepresentantar til styrer, råd og utval ved HVL (01.08.24-31.07.25)

23/24-B - Oppnemning av nemnd for studentsaker ved HVL i perioden 1.9.2024 - 31.08.2028

24/24-B - Søknad om etablering av bachelorgrad i ledelse (Addisco)

25/24-B - Investeringsplan HVL juni 2024

Arbeidsgjevar orienterte.

Organisasjonane stilte spørsmål om kvifor vi ikkje har ein meir heilskapleg investeringsplan.

Arbeidsgjevar: Fakulteta må sette opp ein plan for bruken av dei avsette midlane, noko som ikkje er i ein investeringsplan.

26/24-B - Søknad om akkreditering som universitet

27/24-B - Løypemelding: Utvikling av den eigenfinansierte studieporteføljen ved HVL – Innmeldingar av planlagde endringar frå studieåret 2025/2026

Arbeidsgjevar orienterte

Organisasjonane melder at dei har fått innspel frå tilsette om prosessen som har vore knytt til naturbasert reiseliv.

28/24-B - Korrigering av Årsrapport 2023

Arbeidsgjevar orienterte.

29/24-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl § 23 første ledd

30/24-B - Unntatt offentligheten iht.: Offl §13 jfr Fvl §13.1

31/24-B - Styrets evaluering av eiga arbeid

Orienteringssaker

O-29/24 - Verksemdsrapport pr 1.tertial 2024, inkludert rekneskap

Arbeidsgjevar orienterte.

Organisasjonane:

FTMS har arbeidd med omstilling og streiken gjorde det vanskeleg å delta i prosessen kring utarbeiding av handlingsplanen. FTMS må gjere store grep. Det er nedtrekk i ressursar generelt. Tilsette får meir oppgåver i arbeidsplanen og dette skapar uro når ein ikkje kuttar i oppgåver. Dette fakultet har slått seg saman og gjort strukturelle endringar som må få tid å sette seg.

Kanskje høgskulen bør sjå på tre leiarlinjer som gir ei sparing?

Arbeidsgjevar: Økonomitala går feil veg. Vi har ikkje midlar å omfordele. Vi må ha ein plan over korleis vi skal ta ned forbruket for å betre det økonomiske resultatet. Vi forventar meir effekt framover og må følgje situasjonen nøye. Styresaka om studieportefølje føreslår også tiltak for å unngå å kome i ein økonomisk situasjon som blir utfordrande.

O-30/24 - Budsjettprosess 2025

Arbeidsgjevar orienterte.

Organisasjonane ber om at tillitsvalde deltek i prosessen.

O-31/24 - Behov for eit særleg arbeid for utvikling av studiestad Stord

Arbeidsgjevar orienterte.

Organisasjonane ber om at alle campus må bli sett, og ser på utviklinga av Campus Stord som ein del av heilskapen. Det handlar først og fremst om studieportefølje.

HVO: Ein kan ein få meir liv på campus dersom samlingar og fagdagar ol (altså aktivitet for tilsette) frå fleire campus blir lagt til Stord.

O-32/24 - Campusrelevant tema - Campus Førde

Referatsaker

O-33/24 - Skriftlege orienteringar til styret: Nytt frå Høgskulen på Vestlandet - styremøte 4/2024

O-34/24 - Munnlege orienteringar frå rektor - styremøte 4/2024

O-35/24 - Referatsaker - styremøte 4/2024